



UKRAINA-TUREN: - *Det gjorde inntrykk*

Intervju med Eirik og Linn

Tre korte flightar frå Helganes blei me vitne til ein heilt annan kvardag enn me er vande med på Karmøy, då ungdomsklubben var med på THK sin tur til den ukrainske byen Korosten. Klubben har hatt solidaritet og hjelpearbeid som tema, kopla opp mot organisasjonen THK (Tro-Håp-Kjærlighet), og i april deltok me på studietur saman med elevar frå m.a. Åkra vidaregåande skule. På programmet stod besøk på fleire av dei lokalt drivne tiltaka som får støtte til arbeidet sitt. Me var seks personar frå kyrkja som reiste, og me sit alle att med sterke inntrykk – ei blanding av uro og håp. Eirik Færøvik Hansen og Linn Saltvik, begge frå klubbstyret, vil dele nokre av inntrykka med lesarane.

- Kvifor blei du med på denne turen?

Eirik: - Eg synest det er interessant å reise, og hadde lyst å sjå korleis det var der. Og så har eg alltid vore interessert i atomulukka som var i Tsjernobyl.
Linn: - Eg hadde høyrte mykje om Ukraina. Eg kjende til THK og arbeidet

som blir drive i landet frå før, men hadde lyst å sjå med egne auge korleis hjelpearbeidet eigentleg er.

- Kva gjorde spesielt inntrykk på deg?

Eirik: - Det var då me køyrde til dei døde byane utanfor Tsjernobyl og besøkte dei som budde der.

Linn: - Besøket på gamleheimen var eit vondt inntrykk. Det verka som om dei berre var sett vekk. Besøka på barneheimane var gode opplevingar. Eg hugsar spesielt barneheimen som Olena driv. Godt at det finst slike folk, dei fortener all støtte og hjelp dei kan få.

- Var det noko som overraska deg?

Eirik: - Eg visste ikkje at det budde folk så nær Tsjernobyl. Eg blei òg litt overraska av barneheimen for dei utviklingshemma jentene; forstår ikkje heilt korleis dei tilsette klarte å jobbe der.

Linn: - Før eg reiste prøvde eg å sjå for meg korleis det var, men klarte det jo ikkje heilt. Fotballkampen med elevane



på bibelskulen var kjekk. Me forstod ikkje kvarandre, men hadde det kjekt i lag og forstod likevel på ein måte. Eg fekk dessutan ein del tankar då me var på rehabsenteret for narkomane. Det var godt å sjå kva tru kan gjera med folk, og kva tru kan få dei til å gjera for andre.

MF

